



Kartverket

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Deres ref.:

Vår ref.:

Dato:

Sak/dok.: 08/03199-105

03.02.2023

Ark.: 326.12 BS

Vedtak i namnesak 2023/26 - Råsdøla mfl. i Hol og Aurland kommune

Statens kartverk har i dag gjort vedtak om skrivemåten av følgende stadnamn i Hol og Aurland kommunar:

- **Råsdalen**
- **Råsdøla**
- **Råsdalstjørnan**

Vedtaket er gjort med heimel i § 7 tredje ledd i lov om stadnamn.

Bakgrunn

Dette er ei som starta i 2002, og som omfattar namn i grenseområdet mellom Hol og Aurland kommunar. Namna har hatt ulike skrivemåtar på kart, og uttalen er også ulik i dei to kommunane. Saka vart reist for å fastsette rett skrivemåte for offentleg bruk.

Rettsleg grunnlag


Når ein skal fastsette skrivemåten av eit stadnamn for offentleg bruk, er hovudregelen å ta utgangspunkt i den nedervde lokale uttalen av namnet. Skrivemåten skal følge gjeldande rettskrivingsprinsipp i norsk, jf. § 4 første ledd i lova. Skrivemåten skal vere praktisk og ikkje skygge for meningsinnhaldet i namnet, jf. § 1 første ledd. I *utfyllande reglar om skrivemåten av norske stadnamn* er det meir detaljerte reglar om korleis stadnamn skal normerast.

I tillegg må ein ta omsyn til normeringspraksisen i området og skriftradisjonen for namnet saka gjeld, og kva som er registrert i Sentralt stadnamnregister (SSR) frå før. Lokale ønske frå dei som har uttalerett skal òg spele inn.

Uttale og skriftradisjon

Uttalen av førsteleddet er ulik i dei to bygdene, *raos-* i Aurland og *råss-* i Hol. Språkrådet har t.d. oppslagsforma *Raosdøla*, men uttaleforma *råssdøla* for elvenamnet i sitt arkiv. Ulik uttale kjem også fram på eit arkivkort frå 1947.

www.kartverket.no



Skrivemåten varierer både på kart og i litteraturen. På nyare kart, m.a. på Noreg 1:50 000 frå 1982 til i dag, er skrivemåten *Rossdøla*, *Rossdalen* og *Rossdalstjørnane*.

Eldste belegg er *Rostdalsvand* om tjørnene på rektangelmåling frå 1848, sjå s. 3. Rektangelkartet frå 1920 har *Raassdalen*. Gradteigskartet frå 1946 har *Raosdalen* og *Raosdøla*, likeins Noreg 1:50 000 fra 1952.

Høgfjellskommisjonen 1942-43 skriv *Råsdalen* og *Råsdøla*, men også *Rossdalen*. *Folk og fortid i Hol* band 1 s. 168 omtalar *Råsdalen* som ei av rutene til Aurland. I nyare turlitteratur står kartforma *Rossdalen* sterkare, sjå t.d. *Aurlandsdalen. Ei kulturhistorisk vandring...* s. 18 og *Til fots i Norge*.

Tilråding frå Språkrådet

Stadnamntenesta for Austlandet tilrår skrivemåtane *Råsdøla*, *Råsdalane* og *Råsdalstjørnan*, sjå vedlagt tilråding datert 9.12.2011. Dei viser til stadnamntenesta for Vestlandet, som har gitt tilråding for namnet på dalen og elva som er delt mellom Aurland og Hol.

Råsdøla: Tilrådinga frå stadnamntenesta på Vestlandet tar utgangspunkt i uttaleforma /raos-/ for elvenamnet. Stadnamntenesta for Austlandet fører også opp uttalen /rås-/. Dei skriv at uttalen /raos/ forutset lang *å*, og vokalen har blitt forkorta i Hol. Derfor er dei einige i tilrådinga *Råsdøla*.

Råsdalane: Stadnamntenesta for Vestlandet har tilrådd fleirtalsforma *Råsdalane*, truleg etter uttaleopplysingar frå Aurland. Stadnamntenesta for Austlandet viser til arkivkortet, der eintalsforma er notert, men også kommentaren «Fleirtal vert òg bruka».

Råsdalstjørnan: Desse småvatna ligg i Hol, og uttalen er /råsdsalstjødnadn/. Stadnamntenesta tilrår skrivemåten *Rås-* i samsvar med dei to andre namna. Skrivemåten *-an* kan nyttast når uttalen er /adn/.

Kartverkets vurdering

Denne saka har blitt liggande svært lenge, og Kartverket har derfor tatt kontakt med begge kommunane. I Aurland vart vi sett i kontakt med Harald Skjerdal, som sat i namnenemnda då saka var oppe. Han stadfester att uttalen er *raos*, og opplyser at aurlendingane alltid nyttar fleirtalsform i dalnamnet. Dei tilrådde skrivemåtane samsvarer godt med uttalen i Aurland.

I Hol har vi vore i kontakt med saksbehandlar i kommunen og leiaren i namnenemnda, Ola Ruud, som begge var aktive også i 2002. Dei kan ikkje hugse at desse namna har vore behandla, og peiker på at tilrådinga ikkje

er i samsvar med uttalen *råss* i Hol. I ein samtale mellom Kartverket og Ola Ruud vart konklusjonen likevel at det har liten hensikt å ta saka opp til ny behandling frå start.

Det er eit faktum at uttalen er ulik, men begge uttalane må ta utgangspunkt i det same namnet. Målet bør vere å finne ein skrivemåte som best mogleg kan dekke begge variantane. Som stadnamntenesta skriv, må utgangspunktet vere lang *å* (norrøn *á*) når uttalen er *raos* i Aurland. Det gjeld generelt i norsk at lang vokal kan bli forkorta framfor konsonantgruppe, t.d. *båt* – *båtsmann*, *liv* – *livsfarleg*. Ei slik vokalforkorting må ha skjedd i uttalen av desse namna i Hol. Hadde det vore opphavelig kort *å*-lyd i namna, skulle ein vente uttale med *ø* i holsmålet. Jamfør at *kross* og *troll* tradisjonelt blir uttalt *krøss* og *trøll*.

Rås- blir dermed ein skrivemåte som kan dekke begge målføra, Aurland med *ao* for lang *å* og holsmålet med forkorta *å*. *Ross-* er meir uheldig, fordi det kjem i strid med uttalen i Aurland og truleg opphav *rås*. Ein må likevel vere merksam på at skrivemåten *Rås-* kan gi uttale med lang *å* i Hol for dei som ikkje er lokalkjende.

Ordet *rås* (av norrønt *rás* 'løp, veg') er mest vanleg på Vestlandet dag i den generelle tydinga 'sti'. Det kan òg ha særtydingar knytte til elveløp, ifølge Norsk ordbok. Harald Skjerdal fortel at *rås* blir nytta om elvahøler i Aurland.

Eit siste spørsmål i denne saka er eintalsform eller fleirtalsform i namnet på dalen, altså *Råsdalen* eller *Råsdalane*. Etter dei utfyllande reglane skal bruken av eintal eller fleirtal følge lokal uttale. Men også her er det skilnad mellom Hol og Aurland. Ut frå opplysningane Kartverket har fått, er berre eintalsforma nytta i Hol, mens aurlendingane konsekvent nyttar fleirtalsforma. Arkivkortet på side 2 opplyser også at fleirtalsforma er brukt.

Overgang til fleirtalsform er vanleg når eit namn nyttast om eit større område enn det opphavelig refererte til. Her kan det vere at *Råsdalane* vart namn på området der ein gjekk mellom bygdene, opp for den eigentlege elvedalen. Sjå utsnitt av kart frå 1848 med stiar avmerkte.

Kartverket vel å vedta eintalsforma. Berre eintalsforma har vore nytta i skrift til no, og eintalsforma er truleg den opphavelige. Dei som nyttar fleirtalsforma munnleg skal sjølvsagt halde fram med det.



<https://kartverket.no/om-kartverket/historie/historiske-kart/soketreff/mitt-kart?mapId=8102>

På grunnlag av tilrådinga og det sannsynlege opphavet vedtar Kartverket skrivemåtane **Råsdøla**, **Råsdalen** og **Råsdalstjørnan**.

Kunngjering

Kommunen skal sørge for at vedtaket blir gjort kjent for dei partane i kommunen som har klagerett etter § 12 første ledd i lova, og som ikkje er adressatar i dette brevet, t.d. med notis i ei lokalavis og på nettsidene sine.

Bruken av vedtekne skrivemåtar

Vi vil minne om reglane i stadnamnlova § 11 om plikt til å bruke vedtekne skrivemåtar: «Når skrivemåten av eit stadnamn er fastsett etter denne lova og ført inn i stadnamnregisteret, skal han brukast av eige tiltak av dei som er nemnde i § 1 tredje ledd.» Det vil seie organ for stat, fylkeskommune og kommune og selskap som det offentlege eig fullt ut. Lov om stadnamn regulerer offentleg bruk av stadnamn. Privatpersonar og bedrifter som ikkje er heileigde av det offentlege, er derfor ikkje pålagde å følge vedtekne skrivemåtar.

Når det same namnet er brukt om ulike namneobjekt på same staden, skal skrivemåten i primærfunksjonen som hovudregel vere retningsgjevande for skrivemåten i dei andre funksjonane. Dersom dette vedtaket vert ståande utan at det vert påklaga, legg vi derfor til grunn at kommunen vedtek same skrivemåten i t.d. adressenamn der namnet vert nytta. I Hol gjeld det ein bygning som er adressert til *Rossdalen*.

Klage

Vedtak om skrivemåten av kan etter § 12 i lov om stadnamn påklagast av dei som etter § 6 bokstav a til c har rett til å ta opp saker om skrivemåten av stadnamn. Klagefristen er tre veker frå meldinga om vedtaket har kome fram til mottakaren, jf. § 9 i forskrift om stadnamn. Dersom meldinga skjer med offentleg kunngjering, tar klagefristen til frå den dagen vedtaket blir kunngjort første gongen. Dei som har klagerett, har rett til å sjå saksdokumenta, som er arkiverte hos vedtaksorganet. Det er høve til å søke om utsett iverksetting av vedtaket til klagefristen er ute eller klaga er avgjort.

Ei eventuell klage skal sendast til Kartverket med kopi til kommunen. Klaga skal grunngjevast, og grunngjevinga må omtale alle namn eller namneledd klaga gjeld.

Når ein tek opp ei klagesak, gjeld dei same sakshandsamingsreglane som for namnesaker elles. Dersom vedtaket blir oppretthalde, sender Kartverket saka vidare til Klagenemnda for stadnamnsaker, som er oppnemnd av Kulturdepartementet.

Med venleg helsing

Tor Ivar Solsrud Majercsik
fylkeskartsjef Viken

Anne Lien
fylkeskartsjef Vestland

Berit Sandnes
stadnamnansvarleg

Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Mottaker: AURLAND KOMMUNE
HOL KOMMUNE

Kopi Ola Ruud
 SPRÅKRÅDET
 Atle Kleivdal, HOL KOMMUNE
 Monica Hille, AURLAND KOMMUNE

Lenker: [Lov om stadnamn](#)
 [Forskrift om stadnamn](#)
 [Utfyllande reglar om skrivemåten av norske stadnamn](#)

Vedlegg Tilråding frå stadnamntenesta for Austlandet

Statens kartverk
3507 Hønefoss

REF.	VÅR REF.	DATO
Sak/dok.:02/14-2 Ark.:326.12 AHB98	363-00	9.12.2011

Oversendelse av navnesaker


Vi viser til brev fra dere datert 12.2.2002, og beklager at saken har blitt liggende så lenge. Saken gjelder tre navn fra grenseområdet mellom kommunene Hol og Aurland i henholdsvis Buskerud og Sogn og Fjordane. Statens navnekonsulenter på Vestlandet har allerede kommet med sin tilråding for to av navnene.

Rossdøla - her har navnekonsulentene på Vestlandet tilrådd formen *Råsdøla* med bakgrunn i uttalen av navnet, som ifølge dem er /raos-/. I vårt arkiv har navnet oppslagsformen *Raosdølao*, men uttaleformen er /råssdøla/. Navnet er registrert i Buskerud fylke, så uttalen er nok hentet derfra. Uttalen med /raos/ tilsier lang å, og denne lyden blir forkortet i talemålet i Hol. Vi sier oss derfor enige i tilrådingen *Råsdøla*.

Rossdalen - her har navnekonsulentene på Vestlandet tilrådd formen *Råsdalane*. I vårt arkiv har navnet entallsform, men med kommentaren "Fleirtal vert og bruka". Vi slutter oss til tilrådingen *Råsdalane*.

Rossdalstjørnane - her tilrår vi formen *Råsdalstjørn*, jf. tilrådingene ovenfor. Ifølge vårt arkiv er uttalen av navnet /råssdalstjødnadn/. I kommentarene til Forskrift om skrivemåten av stadnamn står det at flertallsendelsen *-an* kan brukes når uttalen er /adn/.

For navnekonsulentene



Line Lysaker Heinesen
Sekretær/førstekonsulent

